

Notat

Dato: 16.02.2017
Arkivsak: 2015/8849-45
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

Til: Sekretariat for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», oppfølging av vedtak Kontrollutvalet 17.november 2016

Bakgrunn

Fylkesrådmannen er i fylkestingssak 14. desember 2016 (PS 92/16) bedt om å følge opp selskapskontrollen som vart gjennomført av Deloitte august 2016.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune, Deloitte august 2016», ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i, for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for sikre at arkivverdige dokumentasjon ikkje går tapt
2. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring
3. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga

Rapporten fastslår vidare at 11 fylkeskommunale selskap er omfatta av regelverket om offentlegheit i «Offentleglova» og «Arkivlova». Vidare at fem av desse selskapa førar journal i dag, og at sju av selskapa ikkje fører journal. Fleire av journalane er registrert som mangelfulle/ufullstendige.

Rapporten og det følgjande vedtaket i fylkestinget omhandlar følgjande selskap:

1. Askøy Bompengeselskap AS
2. Beredt AS
3. Bybanen AS
4. Hardanger AKS AS
5. Hardangerbrua AS
6. Hordaland Teater LL

7. Kveik AS
8. Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS
9. Odda Vegfinans AS
10. Sunnhordland Lufthamn AS
11. Vestnorsk Filmsenter AS

Utarbeiding av retningsliner

	Frist	Ansvarleg	Status
Etablering av samarbeidsteam	Medio Februar 2017	Regionalavdelinga	Pågåande per 15.02.2017
Oppstartmøte	Ultimo mars 2017	Regionalavdelinga	Beramma 21.03.2017
Innsamling av data	Mars/april 2017	Samarbeidsteam	Pågåande
Utarbeiding av retningsliner	Ultimo juni 2017	Samarbeidsteam	Ikkje starta
Oppfølgingsplan for selskap omfatta av rapporten	Ultimo juni 2017	Regionalavdelinga	Ikkje starta
Iverksetjing av tiltak	August 2017	Regionalavdelinga	Ikkje starta
Etablere rutinar for oppfølging av retningslinene	August 2017	Regionalavdelinga	Ikkje starta
Orientering i eigarskapsforum	Neste møte i forumet	Regionalavdelinga	Ikkje starta

Samarbeidsteamet settast saman av ansvarleg for eigarskapsforvaltinga i Regionalavdelinga, ein ressurs frå Dokumentsenteret (arkivfagleg ressurs) og ein representant for selskapa.

Handlingsplan

Oppfølgingspunkt	Tidspunkt	Ansvarleg	Status
Utarbeiding av handlingsplan	1.3.2017	Nærings og lokalsamfunnsseksjonen	Pågåande, dette dokument
Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen har eigarskap i	30.08.2017	Nærings og lokalsamfunnsseksjonen i samarbeid med Dokumentsenteret (arkivfagleg kompetanse) og jurist	Pågåande, sjå under
Følgje opp at selskapa gjer dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring	15.12.2017	Nærings og lokalsamfunnsseksjonen i samarbeid med styreleiarar i selskapa	Ikkje starta